

Innspel budsjett 2026 – Utdanningsforbundet Hareid Ressurssenter ved Gøril Daltveit

Innspel til «Endringsframlegg FL og Frp

Uttale frå Utdanningsforbundet ved Hareid Ressurssenter om forslag til kutt i vaksenopplæringa.

Vi i Utdanningsforbundet ved Hareid Ressurssenter ser med stor uro på forslag til budsjett for 2026 i Hareid kommune, der ein vil redusere stillingar primært i vaksenopplæringa. Dette vil få alvorlege konsekvensar for både deltakarane og kommunen.

Forslaget lyder slik: «På grunn av vedtak om busetting av færre flyktningar i 2026 enn tidlegare reduserer ein tre årsverk i eininga Ressurssenteret. Ein må vurdere særskilt ansvarsområdet Vaksenopplæring, men ser også på totalen på dei andre to ansvarsområda; 2760 Introduksjonsprogrammet og 2750 Flyktningkontor. «Kostra-Chriss» Madsen rekna ut at ressursbruken spesielt i Vaksenopplæringa ligg langt over den kommuneklassen vi kan samanlikne oss med» endringsframlegg-frp-og-fl-v3.pdf

Feil i Kostra-tala i forhold til «Ressursbruk f.213 – Vaksenopplæringen».

Chriss Madsen, seniorrådgiver i KS Konsulent, la fram statistikk for kommunen, der nettodriftsutgifter til vaksenopplæringa var blitt meir enn dobla frå år 2023 til 2024. Tala bak denne statistikken er feil. Ressurssenteret er delt i 3 ansvarsområde, og vi får tilskot frå staten til drifta. I 2024 vart tilskota/inntektene fordelte på 2 i staden for 3. Ingen av tilskota vart ført på Vaksenopplæringa (f.213), berre på Flyktningkontoret og Introduksjonsprogrammet. Difor «manglar» vaksenopplæringa over 11,6 millionar i inntekter for 2024. På telefon og e-post-kontakt med Madsen, bekreftar han både munnleg og skriftleg at det at desse inntektene er ført feil, vil slå ut på statistikken.

Dette tyder at tala som Folkelista og FrP vil fatte vedtak på bakgrunn av, er feil. Dette må sjølvstendig rettast på, slik at politikarane og administrasjonen har korrekte opplysningar å vurdere utifrå.

Kva er Vaksenopplæringa i Hareid?

Hareid Ressurssenter er kommunen sitt senter for vaksenopplæring. Ressurssenteret er delt inn i tre ansvarsområde: Vaksenopplæring, Flyktningkontoret og Introduksjonsprogrammet. Flyktningkontoret har blant anna ansvar for å koordinere og gjennomføre oppgåver knytt til busetting, integrering og oppfølging av flyktningar. Dette omfattar også introduksjonsprogrammet og opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Det siste punktet er i samarbeid med vaksenopplæringa.

Vaksenopplæringa har ansvar for opplæringa i norsk og samfunnskunnskap, samt grunnskule for vaksne, inkludert tilpassa opplæring for folk med nedsett funksjonsevne i Hareid, anten medfødt eller erverva. Grunnskule for vaksne har Hareid kommune tilbydd nabokommunane i over 25 år, altså sal av teneste. I tillegg tilbyr vi kurs i grunnleggande ferdigheiter, blant anna

norsk for arbeidsplassar (Kompetanse Pluss), dette er ei tilskuddsordning som vi kan søkje om. Hareid kommune har også eit asylmottak. Asylsøkjarar over 18 år som bur på mottak har plikt til å delta i opplæring i norsk (175 timar) og samfunnskunnskap (25 timar). Kommunen skal tilby denne opplæringa, og vaksenopplæringa utfører opplæringa.

NAV nyttar også vaksenopplæringa til opplæring i norsk. Dei kjøper teneste med Ressurssenteret.

I forslag til budsjett skriv dessutan FL og FrP: «Hareid mottak er oppført med ein auke på ein halv million. Dei aukar med inntil 30 plassar, men her bed ein om at mottaket framleis greier å auke aktivitet og organisere og engasjere stab/bebuarar med den bemanninga ein har».

[endringsframlegg-frp-og-fl-v3.pdf](#).

Dei vil altså auke talet på asylsøkjarar og det betyr også auke på talet som skal ha opplæring i norsk og samfunnskunnskap på Ressurssenteret. Denne gruppa åleine krev eit årsverk, 200 timar fordelt på 21 timar i veka, betyr 10 veker undervisning og så er det ein ny runde med nye asylantar. Det siste året har vi starta nye grupper kvar 3 månad.

Dersom budsjettforslaget frå FL og FrP går gjennom, vil vaksenopplæringa måtte kutte 3 årsverk. Det betyr at denne delen vil bli nedlagt sidan det er 3,5 stillingar som er knytt til vakse

Vi i Utdanningsforbundet ved Hareid Ressurssenter ser med stor uro på forslag til budsjett for 2026 i Hareid kommune, der ein vil redusere stillingar primært i vaksenopplæringa. Dette vil få alvorlege konsekvensar for både deltakarane og kommunen.

Eg ser at ikkje all teksten i innspelet vårt kom med i forrige "sending" difor skriv vi siste del av innlegget her: Så ein må sjå begge innlegga under eitt!

I forslag til budsjett skriv dessutan FL og FrP: «Hareid mottak er oppført med ein auke på ein halv million. Dei aukar med inntil 30 plassar, men her bed ein om at mottaket framleis greier å auke aktivitet og organisere og engasjere stab/bebuarar med den bemanninga ein har».

[endringsframlegg-frp-og-fl-v3.pdf](#).

Dei vil altså auke talet på asylsøkjarar og det betyr også auke på talet som skal ha opplæring i norsk og samfunnskunnskap på Ressurssenteret. Denne gruppa åleine krev eit årsverk, 200 timar fordelt på 21 timar i veka, betyr 10 veker undervisning og så er det ein ny runde med nye asylantar. Det siste året har vi starta nye grupper kvar 3 månad.

Dersom budsjettforslaget frå FL og FrP går gjennom, vil vaksenopplæringa måtte kutte 3 årsverk. Det betyr at denne delen vil bli nedlagt sidan det er 3,5 stillingar som er knytt til vaksenopplæringa.

Kva konsekvensar vil dette få for deltakarane og samfunnet?

Integrering og arbeidsliv: Vaksenopplæring er nøkkelen til at flyktningar og andre får språk og kompetanse til å delta i arbeidslivet. Utan dette aukar risikoen for langvarig utanforskap og sosialhjelpsavhengigheit – noko som kostar kommunen langt meir enn investering i opplæring.

Personar med nedsett funksjonsevne: Tilrettelagt opplæring er ein del av kommunens ansvar for likestilling og inkludering. Å kutte i tilbodet kan vere i strid med både opplæringslova og diskriminerings- og likestillingslova.

Samfunnsøkonomisk perspektiv: God opplæring gir betre integrering, høgare sysselsetting og

lågare offentlege utgifter på sikt. Opplæring er avgjerande for å hindre utanforskap og sikre arbeidskraft.

Vi oppmodar Kommunestyret til å ta ansvar for lovpålagde rettar og langsiktig samfunnsøkonomi. Vi ber om at forslaget blir trekt tilbake, då grunnlaget viser seg å vere feil. (Feil ført til Kostra).

Utdanningsforbundet ved Hareid Ressurssenter
Gøril Daltveit (ATV)